

---

**Fra:** Sigrid H Aardal <Sigrid.Aardal@hfk.no>  
**Sendt:** 31. oktober 2016 14:27  
**Til:** Postmottak KMD  
**Emne:** Høyringsvar NOU 2016:4 Ny kommunelov - Hordaland fylkeskommune. WEH

Oversender herved høyringsvar frå Hordaland fylkeskommune på NOU 2016:4 Ny kommunelov. Høyringa var behandla i fylkesutvalet sitt møte 20.10.2016 sak 242/16.

Av møteprotokollen går det fram følgjande og det vart gjort slikt vedtak:

## **PS 242/16 Høyringsuttale - NOU 2016:4 Forslag til ny kommunelov**

### **Vedtak**

Hordaland fylkeskommune støttar lovforslaget til ny kommunelov med følgjande endringar:

#### **§ 7-7 Avtaleval, § 7-8 Fleirtalsval**

*«Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare skal bestå av medlemmer av kommunestyret eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg ved folkevalgte organer, skal reglene i tredje og fjerde ledd følges hvis det er mulig.»*

Fylkesutvalet i Hordaland påpeikar at befolkninga består av halvparten kvinner og halvparten menn og at det difor er mogeleg med lik kjønnsrepresentasjon til fylkesutval og formannskap. Setninga: *«hvis det er mulig»* strykast.

#### **§ 8-3 Utvida innsynsrett og teieplikt for folkevalde**

Fylkesutvalet i Hordaland er til liks med utvalet oppteken av at ein open og transparent kommune bidreg til at dei folkevalde og innbyggjarane kan følgja med på og kontrollera kommunen si verksemd. Det bidreg til styrkja lokaldemokrati og tillit. Fylkesutvalet støttar utvalet sitt forslag om å lovfesta eit utvida høve for dei folkevalde organa sin rett til innsyn i administrasjonen sine dokument.

Fylkesutvalet er uroa for at teieplikta som utvalet vil påleggja dei folkevalde ved utvida innsynsrett i dokument som er unnateke frå offentlegheit etter offentleglova, og som kommunen har bestemt at det ikkje skal gjevast innsyn i, vil ha motsett verknad.

#### **§ 12-1 Innbyggjardeltaking**

Fylkesutvalet støttar ikkje forslaget om å firedoble kravet til underskrifter som krevst for å reise eit innbyggjarinitiativ i ein kommune frå to til åtte prosent. Ei heving av kravet til underskrifter vil etter fylkesutvalet si vurdering vere ei unødvendig innskrenking i innbyggjarane sine demokratiske rettar.

#### **Formålsparagraf**

Det vert synt til §1 Lova sitt formål. I fleirtalet sitt forslag til lovtekst er omgrepet folkestyre teke ut av lovteksten og ein fokuserar på sjølvstyrte kommunar.

Det vert føreslått å vidareføra dagens formålsparagraf der folkestyre er hovudfokus og at mindretalet si innstilling til formålsparagraf vert gjort gjeldane.



### **Folkevalt - definisjon**

I kapittel 5, § 5-1 vert innhaldet i definisjonen folkevalt svekka fordi også «andre personar» som er valt inn i eit folkevalt organ vert definert som folkevalt. Forslaget om å utvida definisjonen av «folkevalt» til også å gjelda «andre personar» som et folkevalt organ har valt inn i et «folkevalt organ» vert ikkje støtta. Ein ber om at det vert utforma ein klar lovtekst om at folkevalde kun er dei som vert valt som representant eller som vara til kommunestyre eller fylkesting.

### **Kommunale føretak**

Forslaget om at kommunestyre- og fylkestingsrepresentantar og vararepresentantar ikkje kan bli styremedlemmer i kommunale føretak vert ikkje støtta.

Kommunar er ikkje-kommersielle forvaltingsorgan som skal ivareta innbyggjarar og næringsliv. Det er uproblematisk at styremedlemmane i kommunale føretak vert valde av og blant kommunestyret/fylkestinget sine medlemmer. Det kan tvert om vera ein fordel for ei heilskapleg styring. Spørsmål om habilitet kan handterast frå sak til sak etter gjeldande habilitetsreglar.

Dette til deres orientering

Venleg helsing

### **Sigrid Helene Aardal**

Seniorrådgjevar

Økonomi og organisasjon/ Fylkessekretariatet



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 55 23 91 27 | [sigrid.aardal@hfk.no](mailto:sigrid.aardal@hfk.no)

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)